



Cassandra Aadland Wold
Ladegårdsgaten 5
5033 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1260 - 17/12052

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
14.06.2017

Avslag - GBNR 23/37 - Søknad om fritak frå/redusert gebyr - Frekhaug

Administrativt vedtak. Saknr: 169/2017

Søkjjar: Cassandra Aadland Wold
Søknadstype: Søknad om fritak frå/redusert tilkoplingsavgift

SAKSUTGREIING:

Meland kommune gav i vedtak datert 1.6.2017, saksnr: 150/2017, løyve til innbygging, bruksendring og fasadeendring på gbnr. 23/37. Bruksendringa inneber at areal som tidlegare er brukt til legekontor no skal brukast til bustad.

I e-post til kommunen den 11.6.2017 søkjer du om fritak for/redusert gebyr for tilkopling til vatn og avlaup. Søknaden er grunngjeve med at det allereie er vatn og avlaup i den delen av bygningen som skal bruksendrast.

VURDERING:

Eigar av ein fast eigedom skal betale vass- og avlaupsgebyr til kommunen når eigedomen er knytt til kommunal vass- og avlaupsleidning, jf. lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg § 3 første ledd.

Forureiningsforskrifta § 16-1 andre ledd gjev kommunen heimel til å fastsette reglar for berekning og innkreving av vass- og avlaupsgebyra i forskrift. Meland kommune har fastsett berekningsmåte i forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune, vedteke i Kommunestyret den 17.12.2014. Innkrevinga er fastsett i gebyrregulativ, sist revidert 14.12.2016.

Det er ikkje høve til å klage for ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Meland kommune må i dette tilfellet difor vurdere om vi har heimel til å krevje gebyr for tilkopling til vatn og avlaup for ei bueining.

Eingangsgebyr for tilknytning og årsgebyr for tilkoplinga er knytt opp mot ein abonnent, jf. gebyrregulativet. Regulativet definerer ikkje ein abonnent nærare, men i følge forskrift om vass- og avlaupsgebyr § 3 er ein abonnent ein «*[e]igar/festar av eigedom med eige gardsnummer, bruksnummer/festenummer (med) påståande bygg (...). Dersom abonnenten òg eig husvære som etter regelverket i matrikkelen er eller skulle vore registrert med eige bustadnummer, skal og slikt hysvære betale gebyr som ein abonnent, men huseigar er ansvarleg for at pålagde gebyr vert betalt. [adm. si understrk.]*»

Det skal etter dette betalast abonnementsgebyr for husvære «*som etter regelverket i matrikkelen er eller skulle vore registrert med eige bustadnummer.*» Matrikkellova § 21 pålegg kommunen ansvaret for å fastsetje offisiell adresse til eigedomar og bygningar. I bygning med fleire bueiningar skal kvar enkelt inngang tildelast ei eiga adresse, jf. matrikkelforskrifta § 50 tredje ledd.

Gbnr. 23/37 har tidlegare betalt abonnementsgebyr for ei bueining. Det er no gitt løyve til bruksendring som inneber at det vert to bueiningar i bygningen. For den situasjonen følgjer det av forskrift om vass- og avlaupsgebyr § 5 at «*[v]ed ombygging/ending av noverande bygg slik at det vert fleire abonnentar i bygget, skal kvar ny abonnent betale tilknytingsgebyr.*»

Bruksendringa inneber at bygningen vil bli registrert med to bustadnummer, i samsvar med matrikkelforskrifta § 50 tredje ledd. Kvar bueining skal etter forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune § 3, betale gebyr som ein abonnent. Det skal då betalast både eingangsgebyr for tilknytning og årsgebyr for den nye bueininga, jf. same forskrift §§ 5 og 6.

På bakgrunn av det ovannemnde har Meland kommune heimel til å krevje gebyr for tilkopling til vatn og avlaup for ei bueining på gbnr. 23/37.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev avslag på søknad om fritak frå/reduisert gebyr for tilkopling til vatn og avlaup i samband med bruksendring frå ein til to bueiningar på gbnr. 23/37.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om behandlingssaker (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnleggjast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Cassandra Aadland Wold

Ladegårdsgaten 5 5033

BERGEN